

ÅRSMELDING FOR SOLSTRÅLA, kalenderåret 2021

Grunna sjukemelding vart det ikkje kapasitet til å gjennomføre årsmøtet i 2022. Årsmeldinga vart difor lagt fram og godkjent på årsmøtet 30.03.2023.

*Administrasjon

Jondal sokneråd driv korarbeidet Solstråla, og korarbeidet er ein del av kontor si stilling. Frå hausten 2019 har sjølv undervisingsdelen til barnekoret blitt kjøpt gjennom Ullensvang kulturskule, sidan kantorstillinga i Jondal sokn vart redusert i koråret 2019/2020.

*Korforbund

Solstråla er med i kororganisasjonen Ung Kyrkjesong som samlar 7-8000 barne- og ungdomskorsongarar fordelt på over 300 medlemskor. Gjennom UK får koret tilsendt medlemsbladet Ung Kyrkjesong, ein får tilbod om ein del kortreff, seminar etc., og koret får frifondsmidlar gjennom Ung Kyrkjesong. Elles får ein òg, gjennom medlemsskapet, dekkja eventuelle TONO-utgifter ved ulike arrangement, dersom denne avtalen vert fornya.

2021

Korarbeidet Solstråla er fleksibelt og vert til ei kvar tid lagt opp etter kva arbeidsressurs ein har tilgjengeleg i kombinasjon med kva barnekull ein har i målgruppa.

Solstråla hadde dette året øving tysdagar for aldersgruppa 6-10år.

Ein del øvingar måtte utgå grunna koronarestriksjonar, sjukemelding og kulturskuleprosjekt. 11 songarar var aktive i vårsemesteret, aldersgruppa var 1-4.kl. Haustsemesteret hadde Solstråla 11 songarar i alderen 1-4.kl. Ein songar slutta etter vårsemesteret, ein ny songar byrja på hausten.

12 born betalte kontingent til Solstråla for 2021.

Solstråla hadde i bank pr. 31.12, kr. 30010,13.

Året starta med koronaferie i veke 1-3 og hadde si første øving 26.januar. 9.februar var det berre 1 og 3 klasse som møtte til øving, på grunn av smittevernregel 5B. Vidare gjekk øvingane som normalt jfr korona. Søndag 21.mars song vi på Maria Bodskapsdags gudstenesta i Jondal kyrkje. Tysdag 26.mars song vi inn ein liten påskevideo med songarane frå 2.klasse. Øvinga 13.april måtte gå ut grunna framleis restriksjonar mot gruppeundervising. 3.klassingane skulle vore med på gudstenesta 18.april, men så kom restriksjonar som gjorde at den gudstenesta berre kunne streamast og kun stab fekk vere tilstades. Og grunna korona, var ikkje Solstråla med og song 17.mai dette året. Istaden laga vi pinsevideo som vart innspelt 18.mai. Og tysdag 15.juni song vi for barnehagen, vi song på Vikevollen og vi hadde ein liten sommarkonsert i Jondal kyrkje, med Solstrålafest i kyrkja etterpå. Haustsemesteret starta med at Solstråla deltok på Kyrkjespelet 26.august, og laurdag 11.september hadde vi konsert i Jondal kyrkje med Bjarte Leithaug. Leithaug vart sjuk då vi hadde jubileumskonserten vår i januar 2020, så difor hadde vi ein ekstra konsert no hausten 2021, der Bjarte kom og var med oss. Søndag 24.oktober song Solstråla på hausttakkefest i Jondal kyrkje. Og vidare song dei på ljosmessa 28.november. Så slo korona til igjen, slik at både kulturskulen sin julekonsert 9.desember og Juleroserkonserten med Herborg Kråkevik 15.desember vart utsette. Solstråla avslutta semesteret med å synge på julaftagudstenesta 24.desember i Jondal kyrkje.

ÅRSMELDING FOR SOLSTRÅLA, kalenderåret 2021

Grunna sjukemelding vart det ikkje kapasitet til å gjennomføre årsmøtet i 2022. Årsmeldinga vart difor lagt fram og godkjent på årsmøtet 30.03.2023.

Solstråla hadde 18 øvingsdagar på våren og deltok/ var representert ved 6 arrangement, og dei hadde 13 øvingsdagar på hausten (nokre øvingar gjekk ut grunna sjukemelding for dirigent og grunna kulturskuleprosjekt) og deltok på 5 arrangement. Solstråla var lokal arrangør av 2 konsertar + 2 minikonsertar åleine, og deltok på heile 11 arrangement inklusiv 1 institusjonsbesøk i 2021.

***Styret for år 2021 vart vald på digitalt årsmøte 26.mars-21 og samansett slik:**

Anne Karin Stormyr	dirigent og leiar, fast styremedlem
Synnøve Eikrem (2021-2022)	styremedlem, nyval
Kristine Utheim Gangdal (2021-2022)	styremedlem, nyval
Åse Marit Jørgensen (2020-2021)	representant frå soknerådet, ikkje på val
Hilde Eide (2020-2021)	styremedlem, ikkje på val
1.vara: Hildegunn Samland (2021)	attval
2.vara: Siv Mælen Strømmen (2021)	nyval
Revisor: Magnar Sollesnes (2021)	attval

Styret hadde ingen ordinære styremøte i 2021.

Arrangementsliste med repertoaroversikt for Solstråla blir lagt ved i protokollen.